



Ordning for vigsling til teneste

1. Vigsling til teneste følgjer ordninga for Hovudgudsteneste til og med ledd 7 | **Lovsong GLORIA**. Ledd 7 | **Lovsong GLORIA** vert helst sunge i fullstendig form.
2. Eit stjerneteikn (*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.
3. Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Til prosesjonen kan det ringjast med alle klokkene eller det kan kimast.
4. Biskopen leier vigslingsgudstenesta frå starten av.
5. Til inngang i gudstenesta nyttar ein opningsorda som tek til med "I namnet åt Faderen og Sonen ..."
6. Biskopen leier ledd 10 | **Vigslingshelsing**. Dersom ein av dei som vert vigsla preikar i vigslingsgudstenesta, held biskopen ein kort vigslingstale her. Dersom biskopen preikar i vigslingsgudstenesta, vert vigslingshelsinga avslutta utan vigslingstale.
7. Det er i ordninga foreslått at epiklesesalmen vert delt i to og sunge som ledd 11 | **Epiklesesalme I** og ledd 14 | **Epiklesesalme II**.

Dersom ein vel alternativ B i ledd 12 | **Skriftlesing og lovnad**, bør ein dele salmen slik at ein syng nokre vers mellom kvar tekstlesing.

N13 512 "Kom, Ande med di skaparmakt" er foreslått i ordninga. Ein kan velje ein annan epiklesesalme og dele han opp eller synge heile. Døme på ein slik salme er N 13 515 "Ånd over ånder, kom ned fra det høye"
8. Om det vert vigsla til éi teneste, kan ein ved tredje skriftlesinga i ledd 12 | **Skriftlesing og lovnader** velje ein tekst frå andre tekstlesinga i same ledd.
9. Etter ledd 17 | **Kunngjering**, held vigslingsgudstenesta fram etter ordning for hovudgudstenesta frå og med ledd 12 | **Evangelieleasing**.
10. Ledd 14 | **Truvedkjeninga CREDO** kan utelatast, slik som ved dåp i hovudgudstenesta. Om Apostolicum vert brukt i ledd 9, brukar ein Nicenum i ledd 14.
11. Som forbøn i ledd 18 | **Forbøn for kyrkja og verda** kan ein bruke Fredslitaniet (NoS 982).
12. Ledda 25 **Velsigning**, 26 **Utsending** og 27 **Postludium/Utgangsprosesjon** får den forma som står i Ordning for vigsling til teneste.
13. Før handlinga tek til, legg ein stolaen(e) til vigslingskandidaten(ane) lett tilgjengeleg nær altarringen.

I. Samling

1 | Førebuing

Klokkeringing

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg

Kort stille stund

Tre klokkeslag

2 | *Inngangssalme

Inngangsprosesjon

3 | *Helsing

4 | Samlingsbøn

5 | Syndsvedkjenning

Plasseringa av syndsvedkjenninga følger kyrkjelyden si lokale grunnordning.

6 | Bønerop KYRIE

7 | Lovsong GLORIA

Leddene vert helst sunge i fullstendig form.

II. Vigsling

8 | Framstilling

Ein av kyrkja sine prestar, eventuelt leiaren i soknerådet, ved lesepulten
Vigslingskandidaten(ane) reiser seg når namnet vert nemnt.

ML | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus. I dag får kyrkja ein ny arbeidar. *(Namnet vert nemnt)* er kalla til teneste som *kantor/kateket/diakon/prest* i/ved *(tenestestaden vert nemnt)*.

9 | Vigslingshelsing

PRESTETENESTA

B innleier helsinga med desse orda | Kyrkja er Kristi kropp og forkynner evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer **tenesta med å forkynna evangeliet og forvalta sakramenta**. I dag vil vi på apostolisk vis med handspålegging og bøn, vigsla *(Namnet vert nemnt)* til denne tenesta som **prest**.

DIAKONTENESTA

B innleier helsinga med desse orda | Kyrkja er Kristi kropp og forkynner evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer **omsorgstenesta**. I dag vil vi på apostolisk vis med handspålegging og bøn, vigsla *(Namnet vert nemnt)* til denne tenesta som **diakon**.

KATEKET-TENESTA

B innleier helsinga med desse orda | Kyrkja er Kristi kropp og forkynner evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer **tenesta med å undervisa i den kristne trua**. I dag vil vi på apostolisk vis med handspålegging og bøn, vigsla *(Namnet vert nemnt)* til denne tenesta som **kateket**.

KANTORTENESTA

B innleier helsinga med desse orda | Kyrkja er Kristi kropp og forkynner evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

Til det kall og dei nådegåver Gud har gjeve si kyrkje, høyrer **tenesta med å leia kyrkjelyden si lovprising**. I dag vil vi på apostolisk vis med handspålegging og bøn, vigsla *(Namnet vert nemnt)* til denne tenesta som **kantor**.

Vigslingskandidaten(ane) set seg.

Dersom biskopen preikar i vigslingsgudstenesta, vert vigslingshelsinga avslutta her.
Dersom ein av dei som vert vigsla preikar, held biskopen ein kort vigslingsstale her.

10 | *Truvedkjening Credo

B vend mot kyrkjelyden | I dåpen vart vi sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus, og alle døypte er kalla til å forkynna Guds storverk. Lat oss saman vedkjennast trua, som vi blir døypte til:

Apostolicum/Nicenum

11 | Epikleseesalme I

Tekstlesarar, biskop og vigslingskandidatane finn plassane sine ved lesepulten/i koret.

Salmen vert innleia med:

B vend mot altaret | Send ut din Ande, Herre, så du skaper deg tenarar.

Kyrkjelyden syng så heile eller deler av salmen.

- 1. Kom, Ande med di skaparmakt,
og reis det synd har øydelagt,
og fred og fryd i nåde giv
kvart hjarta du har vakt til liv!**
- 2. Kom du, den sanne trøystarmann,
du gåve frå Guds eiga hand,
du livsens brunn og kjærleiks vell,
du salve mild og himmeleid!**
- 3. Du sjufelt rike gåver ber,
du krafta av Guds høgre er
og tyder grant hans lovnadsord
på modersmålet rundt om jord!**
- 4. Kveik ljuset ditt i vår forstand
og i vårt hjarta kjærleiks brann,
til vanmakt vår og vesaldom
med heilag hjartestyrking kom!**

12 | Skriftlesing og lovnad

Tekstane vert lesne frå lesepulsten.
Kyrkjelyden sit under lesingane.

PRESTETENESTA

Enten A:

Biskopen står innanfor altarringen. Vigslingskandidaten står framfor altarringen.
Vigslingskandidaten er vend mot tekstlesaren medan det vert lest frå skrifta.
Vigslingskandidaten vend mot biskopen medan lovnaden vert avlagd. Sjå rettleiinga.

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing og lovnad – oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

Ein kan og lese:

ML | Det står skrive i Paulus' fyrste brev til korintarane:

For eg har teke imot frå Herren det eg òg har overgjeve til dykk: Den natta Herren Jesus vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det og sa: «Dette er min kropp, som er for dykk. Gjer dette til minne om meg!» Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod. Kvar gong de drikk av det, gjer det til minne om meg!» For kvar gong de et dette brødet og drikk av begeret, forkynner de Herrens død, heilt til han kjem. **1**

KORINTARBREVET 11,23-26

B vend mot vigslingskandidaten |

NN, vil du forkynne evangeliet og forvalta dei heilage sakramenta etter den skipnad Kristus sette og den ordning vår kyrkje har?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Andre lesing og lovnad - tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa [Jesus] til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.» **JOH 20,19B-23**

eller

Det står skrive i Peters fyrste brev:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen. **1 PETER 5,1-4**

eller (om teksten ikkje er lest i samband med fyrste lesing og lovnad)

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til korintarane:

For eg har teke imot frå Herren det eg òg har overgjeve til dykk: Den natta Herren Jesus vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det og sa: «Dette er min kropp, som er for dykk. Gjer dette til minne om meg!» Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod. Kvar gong de drikk av det, gjer det til minne om meg!» For kvar gong de et dette brødet og drikk av begeret, forkynner de Herrens død, heilt til han kjem. **1 KORINTARBREVET 11,23-26**

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du i sjelesorg og skriftemål visa omsorg for kvart einskilt menneske og be for dei?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du rettleia og oppmuntra til tru på Kristus og eit liv i kjærleik til Gud og nesten?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Tredje lesing og lovnad – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Eller B:

Skriftlesing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing - oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

Andre lesing- tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa [Jesus] til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fashaldne.» **JOH 20,19-23**

eller

Det står skrive i Peters fyrste brev:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen. **1 PETER 5,1-4**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til korintarane:

For eg har teke imot frå Herren det eg òg har overgjeve til dykk: Den natta Herren Jesus vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det og sa: «Dette er min kropp, som er for dykk. Gjer dette til minne om meg!» Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: «Dette begeret er den nye pakt i mitt blod. Kvar gong de drikk av det, gjer det til minne om meg!» For kvar gong de et dette brødet og drikk av begeret, forkynner de Herrens død, heilt til han kjem. **1 KORINTARBREVET 11,23-26**

Tredje lesing – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

Lovnad

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du forkynna evangeliet og forvalta dei heilage sakramenta etter den skipnad Kristus sette, og den ordning vår kyrkje har?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du i sjelesorg og skriftemål visa omsorg for kvart einskilt menneske og be for dei?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du rettleia og oppmuntra til tru på Kristus og eit liv i kjærleik til Gud og nesten?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

DIAKONTENESTA

Enten A:

Biskopen står innanfor altarringen. Vigslingskandidaten står framfor altarringen.
Vigslingskandidaten er vend mot tekstlesaren medan det vert lest frå skrifta.
Vigslingskandidaten vend mot biskopen medan lovnaden vert avlagd. Sjå rettleiinga.

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing og lovnad – oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

B vend mot vigslingskandidaten | **NN, vil forkynna evangeliet og visa Guds kjærleik i ord og handling?**

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Andre lesing og lovnad - tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus sa: «Så skal kongen seia til dei på høgre sida: ‘Kom hit, de som er velsigna av Far min, og ta i arv det riket som er gjort i stand til dykk frå verda vart grunnlagd. For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.’ Då skal dei rettferdige svara: ‘Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke? Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kledde deg? Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?’ Men kongen skal svara dei: ‘Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.’» **MATT 25,34-40**

eller

Det står skrive i Brevet til hebrearane:

Gløym ikkje å vera gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar til gjester utan å vita det. Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp. **HEBR 13,2-3**

eller

Det står skrive i Apostelgjerningane:

Dei tolv kalla då saman alle læresveinane og sa: «Det er ikkje rett at vi forsømer Guds ord for å gjera teneste ved borda. Vel no ut blant dykk, brør, sju menn som har godt ord på seg og er fylte av Ande og visdom. Dei set vi til denne oppgåva. Sjøelve skal vi halda oss til bøna og tenesta med Ordet.» **APG 6,2-4**

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du i samtale og sjelesorg visa omsorg for kvart einskilt menneske og be for dei?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du visa omsorg for skaparverket og nesten din, invitera menneske til fellesskap og kjempa for rettferd?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Tredje lesing og lovnad – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Eller B:

Skriftlesing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing - oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

Andre lesing- tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus sa: «Så skal kongen seia til dei på høgre sida: 'Kom hit, de som er velsigna av Far min, og ta i arv det riket som er gjort i stand til dykk frå verda vart grunnlagd. For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kledde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.' Då skal dei rettferdige svara: 'Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke? Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kledde deg? Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?' Men kongen skal svara dei: 'Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.'» **MATT 25,34-40**

eller

Det står skrive i Brevet til hebrearane:

Gløym ikkje å vera gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar til gjester utan å vita det. Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp. **HEBR 13,2-3**

eller

Det står skrive i Apostelgjerningane:

Dei tolv kalla då saman alle læresveinane og sa: «Det er ikkje rett at vi forsømer Guds ord for å gjera teneste ved borda. Vel no ut blant dykk, brør, sju menn som har godt ord på seg og er fylte av Ande og visdom. Dei set vi til denne oppgåva. Sjølve skal vi halda oss til bøna og tenesta med Ordet.» **APG 6,2-4**

Tredje lesing – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

Lovnad

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du forkynna evangeliet og visa Guds kjærleik i ord og handling?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du i samtale og sjelesorg visa omsorg for kvart einskilt menneske og be for dei?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du visa omsorg for skaparverket og nesten din, invitera menneske til fellesskap og kjempa for rettferd?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

KATEKET-TENESTA

Enten A:

Biskopen står innanfor altarringen. Vigslingskandidaten står framfor altarringen.
Vigslingskandidaten er vend mot tekstlesaren medan det vert lest frå skrifta.
Vigslingskandidaten vend mot biskopen medan lovnaden vert avlagd. Sjå rettleiinga.

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyre kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing og lovnad – oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

B vend mot vigslingskandidaten | **NN, vil du forkynna evangeliet og undervisa i den kristne trua?**

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Andre lesing og lovnad - tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til Timoteus:

MEN [H]ald du fast på det du har lært og er overtydd om; du veit kven du har lært det av. Og heilt frå du var eit lite barn, har du kjent dei heilage skriftene, som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus. Kvart skrift er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd, så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning. **2 TIM 3,14-17**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus sa: «Den som høyrer desse orda mine og gjer det dei seier, liknar ein klok mann som bygde huset sitt på fjell. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell. Men den som høyrer desse orda mine og ikkje gjer det dei seier, liknar ein uforstandig mann som bygde huset sitt på sand. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Då fall det, og fallet var stort.» Då Jesus hadde fullført denne talen, var folket fulle av undring over læra hans. For han lærte dei med myndig tale. **MATTEUS 7,24-29A**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus gjekk no omkring i alle byane og landsbyane. Han underviste i synagogane deira og forkynte evangeliet om riket og lækte all sjukdom og plage. Og då han såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar. Då sa han til læresveinane: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.»

MATTEUS 9,35-38

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du be for, læra og rettleia kyrkjelyden og alle søkjande, så dei kan læra Gud å kjenna og leva og veksa i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Tredje lesing og lovnad – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Eller B:

Skriftlesing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing - oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

Andre lesing- tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til Timoteus:

MEN Hald fast på det du har lært og er overtydd om; du veit kven du har lært det av. Og heilt frå du var eit lite barn, har du kjent dei heilage skriftene, som kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus. Kwart skrift er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd, så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning. **2 TIM 3,14-17**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus sa: «Den som høyrer desse orda mine og gjer det dei seier, liknar ein klok mann som bygde huset sitt på fjell. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell. Men den som høyrer desse orda mine og ikkje gjer det dei seier, liknar ein uforstandig mann som bygde huset sitt på sand. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Då fall det, og fallet var stort.» Då Jesus hadde fullført denne talen, var folket fulle av undring over læra hans. For han lærte dei med myndig tale. **MATTEUS 7,24-29A**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Jesus gjekk no omkring i alle byane og landsbyane. Han underviste i synagogane deira og forkynte evangeliet om riket og lækte all sjukdom og plage. Og då han såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar. Då sa han til læresveinane: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.» **MATTEUS 9,35-38**

Tredje lesing – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

Lovnad

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du forkynna evangeliet og undervisa i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du be for, læra og rettleia kyrkjelyden og alle søkjande, så dei kan læra Gud å kjenna og leva og veksa i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

KANTORTENESTA

Enten A:

Biskopen står innanfor altarringen. Vigslingskandidaten står framfor altarringen.
Vigslingskandidaten er vend mot tekstlesaren medan det vert lest frå skrifta.
Vigslingskandidaten vend mot biskopen medan lovnaden vert avlagd. Sjå rettleiinga.

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyre kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing og lovnad – oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

B vend mot vigslingskandidaten | **NN, vil du forkynna evangeliet gjennom song og musikk?**

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Andre lesing og lovnad - tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far. **KOL 3,16-17**

eller

Det står skrive i Salmane:

Eg venta og vona på Herren.
Han bøygde seg til meg og høyrde mitt rop.
Han drog meg opp or den tynande grav,
opp av den djupe gjørma.
Han sette mine føter på fjell
og gjorde mine steg faste.
Han la ein ny song i min munn,
ein lovsong til vår Gud.
Mange skal sjå det og ottast
og setja si lit til Herren. **SALME 40,2-4**

eller

Det står skrive i Salmane:

Halleluja!

Det er godt å spela for vår Gud,
det er herleg, det er rett å syngja lovsong.
Herren byggjer Jerusalem
og samlar Israels spreidde folk.
Han lækjer dei som har eit sundbrote hjarte,
og bind om såra deira.

Han veit kor mange stjernene er,
og gjev alle namn.
Vår Herre er stor og rik på kraft,
hans forstand er utan grenser.
Herren held dei hjelpelause oppe,
men bøyer dei urettferdige til jorda.

Syng lovsong for Herren,
spel på lyre for vår Gud. **SALME 147,1-7**

B vend mot vigslingskandidaten | NN, vil du leia salmar, hymner og åndelege songar til ære for Gud og til oppbygging for kyrkjelyden?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Tredje lesing og lovnad – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de

blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byr dykk: De skal elska kvarandre! [JOH 15,1-5,15-17](#)

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! [KOL 2:6-7](#)

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! [1. TIM 4:12-16A](#)

B vend mot vigslingskandidaten | Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

Eller B:

Skriftlesing

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss høyra kva Guds ord vitnar om tenesta:

Fyrste lesing - oppdraget

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i evangeliet etter Matteus:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28,18-20**

Andre lesing- tenesta

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta! Og alt de gjer, i ord og gjerning, skal de gjera i Herren Jesu namn og ved han takka Gud, vår Far. **KOL 3,16-17**

eller

Det står skrive i Salme 40:

Eg venta og vona på Herren.
Han bøygde seg til meg og hørde mitt rop.
Han drog meg opp or den tynande grav,
opp av den djupe gjørma.
Han sette mine føter på fjell
og gjorde mine steg faste.
Han la ein ny song i min munn,
ein lovsong til vår Gud.
Mange skal sjå det og ottast
og setja si lit til Herren. **SALME 40,2-4**

eller

Det står skrive i Salme 147:

Halleluja!
Det er godt å spela for vår Gud,
det er herleg, det er rett å syngja lovsong.
Herren byggjer Jerusalem
og samlar Israels spreidde folk.
Han lækjer dei som har eit sundbrote hjarte,
og bind om såra deira.

Han veit kor mange stjernene er,
og gjev alle namn.
Vår Herre er stor og rik på kraft,
hans forstand er utan grenser.
Herren held dei hjelpelause oppe,
men bøyer dei urettferdige til jorda.

Syng lovsong for Herren,
spel på lyre for vår Gud. **SALME 147,1-7**

Tredje lesing – livet i Kristus

ML vend mot kyrkjelyden | Det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane:

Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til! Men alt dette er av Gud, han som ved Kristus forsona oss med seg og gav oss forsoningstenesta. Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! **2 KOR 5,17-20**

eller

Det står skrive i evangeliet etter Johannes:

Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.

Eg kallar dykk ikkje slavar lenger, for slaven veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. Då skal Far gje dykk alt de bed om i mitt namn. Dette er det eg byd dykk: De skal elska kvarandre! **JOH 15,1-5,15-17**

eller

Det står skrive i Paulus' brev til kolossarane:

Når de har teke imot Kristus Jesus som Herre, så lev då i han, rotfeste i han og oppbygde på han! Stå faste i den trua de er opplærte i, og lat dykkar takk fløyma! **KOL 2:6-7**

eller

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til Timoteus:

Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik. Ta deg særskilt av skriftlesinga, formaninga og opplæringa, heilt til eg kjem. Forsøm ikkje den nådegåva som er i deg, den du fekk ved profetord då eldsterådet la hendene på deg. Legg vinn på alt dette, lev i det, så alle kan sjå at du gjer framsteg. Gjev akt på deg sjølv og på læra! Hald fram med det! **1. TIM 4:12-16A**

Lovnad

B vend mot vigslingskandidaten | **NN, vil du forkynna evangeliet gjennom song og musikk?**

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | **NN, vil du leia salmar, hymner og åndelege songar til ære for Gud og til beste for kyrkjelyden?**

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot vigslingskandidaten | **Vil du sjølv òg leggja vinn på å leva etter Guds ord, og i studium og bøn fordjupa deg i dei heilage skriftene og sanningane i den kristne trua?**

Vigslingskandidaten | Ja, ved Guds hjelp.

13 | Epiklesesalme II

Medan kyrkjelyden syng set tekstlesarane seg.

Vigslingskandidaten(ane) og forbedarane går til altarringen under siste vers.

- 5. Vår sjelefiend frå oss driv,
og lys din fred om alt vårt liv,
og ver vår førar og vår vakt
i all vår strid mot mørkheims makt!**
- 6. Lys opp for oss, så klårt vi må
Gud Fader og Guds Son få sjå,
og deg som frå dei båe er,
i hjartans tru få evig kjær!**
- 7. Ver lova, Gud, vår Fader god,
Guds Son som opp frå døde stod,
og Trøystaren, Guds Ande blid,
høglova ver til evig tid!**

14 | Handspålegging og bøn

B | Når vi no legg hendene på deg/dykk og bed, vil vi overgje deg/dykk til Gud og be om at Den heilage ande må helga og utrusta deg/dykk til tenesta.

Vigslingskandidaten(ane) kneler.

Når det er éin vigslingskandidat, legg biskopen og forbedarane handa på hovudet eller skuldrene til vigslingskandidaten.

Når det er fleire vigslingskandidatar, legg biskopen handa på hovudet til vigslingskandidaten når namnet vert nemnd fyrste gong. Etter at bøna er bedt, flyttar biskopen handa til den neste vigslingskandidaten sitt hovud og gjentek vigslingsbøna frå og med «Vi bed for NN ...».

Vigslingsbøn

B | Gud, du som skaper og held oppe alt liv. Gjennom di kyrkje kallar du til alle tider tenarar for evangeliet, slik at menneske kan kome til tru, kyrkja verta fornya og skapinga gjenoppretta.

Vi bed for **NN** som i dag vert vigsla til *kantortenesta/kateket-tenesta/diakontenesta/prestetenesta*. Send din Ande med kraft, kjærleik og visdom.

Gjev styrke i trua, og frimod og glede i tenesta. Ver med *hen/dem* i motgang og prøvingar.

Evige Gud, du som verkar i vår veikskap, lat **NN** leva i krafta frå Jesu oppstode.

Fadervår

Bønesalme

Biskopen og forbedarane kneler, og bøna vert avslutta med at kyrkjelyden syng ein bønesalme., til dømes siste verset av «Med Jesus vil eg fara» (N13 419,5). Sjå rettleiinga for dømme på andre bønesalmar.

M | **Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte,
gav sol og signa år.
Du vil òg vokster gjeva
alt til min siste slutt:
Lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut!**

Deretter reiser biskopen seg, like eins den/dei vigsla og forbedarane.

15 | Kunngjering

B vend mot den/dei som er vigsla | På apostolisk vis med handspålegging og bøn, er du/de i dag kalla og vigsla til tenesta som **kantor/kateket/diakon/prest** i vår kyrkje. Gud velsigne di/dykkar teneste +

Stolaen vert lagd på skuldrene til den/dei vigsla.

ENTEN

B | Jesus seier: «Ta mitt åk på dykk. For mitt åk er godt, og mi bør er lett.» **MATT 11, 29-30**

ELLER

B | Jesus seier: «Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt, og mi bør er lett.» **MATT 11, 29-30**

Den/dei vigsla og forbedarane, går til plassane sine.

16 | Kyrkjelyden si mottaking

Vigslingskandidat(ane) snur seg mot kyrkjelyden.

B vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. De har no høyrte Guds ord om tenesta, og [namnet vert nemnt] har lov om å gå inn i tenesta som **kantor/kateket/diakon/prest**. Vil de ta imot **hen/dei** i kjærleik og stå saman med **hen/dei** i forsoningstenesta?

Kyrkjelyden | Ja, ved Guds hjelp.

B vend mot kyrkjelyden | Saman har vi bede om velsigning over gjerninga [namnet vert nemnt] går til. Vil de bera **hen/dei** fram for Gud i bønene dykkar?

Kyrkjelyden | Ja, ved Guds hjelp.

III. Ordet

ML/L | Lat oss høyra Herrens ord.

12 | *Evangelium

Halleluja

Evangelielesing

ML | Det står skrive i evangeliet etter ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Respons

13 | Preike

Predikanten preikar over evangelieteksten eller annan oppsett preiketekst.

14 | *Truvedkjenning CREDO

15 | Salme

Kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga.

16 | Kunngjeringar

Ein har kunngjeringar her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidlar desse til kyrkjelyden på annan måte, jf. lokal grunnordning.

17 | Syndsvedkjenning

Følgjer her eller som ledd 5

18 | Forbøn for kyrkja og verda

19 | Takkoffer frå kyrkjelyden

Takkoffer kan ein samla inn her eller under salmen i ledd 20, eventuelt under ledd 27.

IV. Nattverd

20 | Førebuing av måltidet

Nattverdsalme

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 19, eventuelt under ledd 27.

21 | *Takkseiing og bøn

Helsing PREFASJONSDIALOG

Innleiande lovprising PREFASJON

Heilag SANCTUS

Innstiftingsorda VERBA

Mysteriet i trua *kan følgja her*

Fadervår

Fadervår vert sunge eller lese

22 | *Nattverdmåltidet

Fredshelsing PAX

Brødsbryting

Du Guds lam AGNUS DEI

Utdeling

23 | Avslutning av måltidet

Takkebøn

V. Sending

24 | *Salme

Kan flyttast til ledd 27 | **Postludium/Utgangsprosesjon**

25 | *Velsigning

Lovprising *BENEDICAMUS*

Tre gonger tre bøneslag

Under den stille bøna som følgjer, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

26 | *Utsending

B vend mot kyrkjelyden | Kristus seier: De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer. **JOH 15,16**

27 | *Postludium/Utgangsprosesjon

Under postludiet går prosesjonen ut av kyrkja.